

# PRESSEMELDING OM NYE SMITTEVERNTILTAK

Volda kommune 12.03.20



Volda  
kommune

## PRESSEMELDING

**Koronaviruset spreier seg i folket i landet, og ein har no kome til det stadiet der ein ikkje lenger har kontroll på smittekjeldene. Volda kommune varsla tidlegare i dag om forsterka tiltak. No har Helsedirektoratet kome med drastiske tiltak som gjeld frå kl 1800 i dag og fram til 26. mars kl 1800.**

Situasjonen må takast på alvor i befolkninga for å halde nede spreinga av viruset i befolkninga. For å lykkast er det nødvendig med samtidige tiltak over ein intens periode der ein reduserer kontakt mellom folk, samt at den enkelte er svært bevisst på kva ein kan gjere for å skjerme seg mot viruset. Den enkelte må følge råda frå nasjonale og lokale helsemyndigheiter og ta dette svært alvorleg.

Sjølv om viruset normalt berre er farleg for utsette grupper i folket, så er det svært viktig at vi gjer det vi kan for å ivareta desse og den allmenne folkehelsa. Dersom ein ikkje har situasjonen under kontroll, så kan belastninga på helsevesenet verte kritisk.

Volda kommune sine tiltak som elles ikkje er omfatta av Helsedirektoratet sine forsterka tiltak gjeld inntil vidare.

Dette er Helsedirektoratet sine tiltak:

Vedtak etter lov om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1 andre ledd om møteforbud og stenging av virksomhet For å stoppe spredning av Covid-19 og bidra til å opprettholde nødvendige helse- og omsorgstjenester fatter Helsedirektoratet med dette etter smittevernloven § 4-1 andre ledd, jf. første ledd bokstav a og b, vedtak om stenging av:

1. Barnehager
2. Barneskoler
3. Ungdomsskoler
4. Videregående skoler
5. Universiteter og høyskoler
6. Andre utdanningsinstitusjoner.

Følgende unntak fra pålegg om stenging gjelder: Det er samtidig viktig å opprettholde virksomheten i helse- og omsorgstjenester og andre kritiske samfunnsfunksjoner, og å unngå at personer i risikogrupper brukes til barnevakt. Ledere av barnehager og rektorer ved barneskoler må derfor sørge for et tilbud til barn av personell i helse- og omsorgstjenesten, transportsektoren eller innen andre

kritiske samfunnsfunksjoner. Det samme gjelder for barn med særlige omsorgsbehov som ikke kan ivaretas når barnehage, skole eller andre dagtilbud er stengt.

Helsedirektoratet fatter videre med hjemmel i smittevernloven § 4-1 andre ledd vedtak om forbud mot/stenging av:

1. Kulturarrangementer
2. Idrettsarrangementer og organisert idrettsaktivitet både innendørs og utendørs
3. Alle virksomheter i serveringsbransjen med unntak av serveringssteder der det foregår servering av mat, det vil si kantiner og spisesteder som kan legge til rette for at besøkende kan holde minst 1 meters avstand. Servering av mat skal ikke skje som buffet. Serveringsbransjen omfatter restaurant, bar, pub og uteliv.
4. Treningssentre
5. Virksomheter som tilbyr frisørtjenester, hudpleie, massasje og kroppspleie, tatovering, hulltaking(piercing) og liknende
6. Svømmehaller, badeland og liknende

Barnehagar, skular og SFO i Volda stengde frå og med i morgon

Volda kommune set i verk stenging av barnehagane, grunnskulane og SFO frå og med fredag 13. mars. Barnehagen / skulen skal gje tilbod om tilsyn for barn / elevar der begge foreldra har samfunnskritiske oppgåver i ein av desse kategoriane:

- Helsepersonell i aktiv teneste
- Farmasøytisk personale
- Politi
- Avgjerande funksjonar knytt til levering av energi / vassforsyning
- Funksjonar som er i beredskap som brann og redning
- Media

Andre funksjonar kan bli vurderte individuelt. Målet no er å halde folk frå kvarandre, så det vil bli lagt ein streng praksis til grunn i vurderingane.

Begge foreldra må vere i ein av desse kategoriane for at kommunen tek ansvar for tilsyn av barnet / eleven.